


**Kolonihage:** Dette fotografiet heng i sommar på Kunstnernes sommerudstilling i Tistrup, Danmark. Grethe Mariann Maurseth hentar motiva frå sin eigen by. «Flaskegjerdet» er laga av tre.

# Passerte nålauga

**Grethe Mariann Maurseth (43) frå Geilo er på veg til å bli ein etablert kunstnar i Danmark. Om sjansen byr seg, stiler ho gjerne ut i Hallingdal.**

**Målfrid Jordet Ågotnes**
mjaa@hallingdolen.no

Ho hadde eigentleg planlagt den årlege ferieturen til Norge og Geilo, då beskjeden kom. 43-åringen var teken opp med eit måleri og fire fotografi til den sensurerte Kunstnernes Sommerudstilling i Tistrup i Danmark. Dermed vart det utstillingsopning, og ferien måtte utsetjast.

## Travelt år

Å koma med på dei fire stats- [...] stadfesting av at ho er på rett spor.

Ho er eigentleg utdanna kokk og har arbeidd innan reiseliv i 15 år, ei retning ho valde fordi det var ein trygg leveveg samanlikna med kunsten. Kjærleiken førte henne til Danmark i 1995. Då ho i 1999 mista eit born i 23. veke, valde ho å satse på kunsten, som til då hadde vore ein fritidssyssel.

Med foto og måleri frå ei fødeavdeling vakte arbeida hennar oppsikt, og dører til utstillingar vart opna. Det siste året har vore travelt, og Grethe Mariann Maurseth har frakta biletа sine mellom ulike galleri og institusjonar og blant anna delteke på fire sensurerte utstillingar. I tillegg har ho nytta kvar ledig stund til å jobbe med måleri og fotografi.

## Eigne bein

I vår avslutta ho også den fire år lange utdanninga som biletkunstnar ved Århus kunstakademi. No skal 43-åringen frå Geilo lage til sin eigen verkstad



**Til utstilling:** Dette var eit av 66 måleri som vart plukka ut til den prestisjefylte Kunstnernes Sommerudstilling i Danmark. Over 200 andre måleri passerte ikkje det tronge nålauga.

kunstbransjen i Danmark som hard. Det er mange som vil ha anerkjennelse og stille ut.

## Variasjon

Det siste halvåret har ulike former for bustader gått att i fotografia og måleria hennar, og alle bileta på sommarutstil-

neteikn ved kunsten hennar stor variasjon. Motiva spenn frå høgspentmaster til pilate trening og hus.

I sommar blir noko av arb det hennar vist på storskjern eit telt på Rådhusplassen i Os Grethe Mariann Maurseth k godt tenkje seg å stille ut mei




**Mykje på gang:** Kunstnar Grethe Mariann Maurseth frå Geilo har eit aktivt år med mange utstillingar bak seg.